

SØKNAD

FRÅ TILSETT ADVOKAT OM FRITAK FRÅ ANSVARET FOR GJENNOMFØRINGA AV REKNESKAPSPLIKTA ETTER ADVOKATLOVEN

Advokatføretak er rekneskapspliktige etter rekneskapslova og pliktar å ha revisor og sørge for at årsrekneskapen blir revidert i samsvar med revisorlova. Advokatane i føretaket har ansvaret for gjennomføringa av rekneskaps- og revisjonsplikta, jf. advokatloven § 42.

Advokattilsynet kan, etter søknad, frita ein tilsett advokat frå ansvaret for gjennomføringa av rekneskapsplikta. Sjå advokatforskriften § 29. Fritak frå dette ansvaret gir òg fritak frå plikta til å rapportere til Advokattilsynet etter advokatforskriften § 36, jf. bestemmelsens fjerde ledd. Advokaten som får fritak, skal gje ei erklæring.

Det blir ikkje gitt fritak frå dette ansvaret til ein som er eigar, styremedlem, oppnemnd som advokatføretaket sin kvitvaskingsansvarlege eller som handterer klientmidlar på vegne av føretaket, jf. advokatforskriften § 29 første ledd, annet punktum.

Underteikna advokat _____

er tilsett advokat hos/i _____ Org. nr. _____

Arbeidsgjevar si postadresse _____

Eg søker med dette om fritak frå ansvaret for gjennomføringa av rekneskapsplikta etter advokatloven § 42.

Eg erklærer at eg ikkje har slike posisjonar i advokatføretaket som nemnt i advokatforskriften § 29 første ledd, annet punktum. Eg handterer heller ikkje klientmidlar på føretaket sine vegner.

Eg forpliktar meg til straks å underrette Advokattilsynet dersom vilkåra for fritak ikkje lenger er oppfylte.

Stad

Dato

Underskrift

